



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	N - 101	16/153

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/16	Hovudutval teknisk/næring	PS	05.09.2016
031/16	Hovudutval oppvekst/kultur	PS	05.09.2016
099/16	Formannskapet	PS	12.09.2016
031/16	Hovudutval helse og omsorg	PS	05.09.2016

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR SVEIO 2016-2019 OG PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN 2019-2031

Prenta vedlegg:

Forslag til Kommunal planstrategi for Sveio kommune med planprogram

Saksopplysningar:

Rådmannen, 24.08.2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging
- Diverse regionale planar
- Kommuneplanen for Sveio kommune 2011-2023

Saksorientering:

Plan- og bygningslova stiller krav om at alle kommunar skal utarbeida ein kommunal planstrategi. I lova si § 10-1 står følgjande:

- *Kommunestyret skal minst en gang i her valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov.*

Planstrategien er ikkje eit juridisk bindande dokument. Kommunen skal likevel henta inn synspunkt og gjera planstrategien tilgjengeleg for nabokommunar og statlege og regionale styresmakter i minst 30 dagar før vedtak vert fatta.

I arbeidet med planstrategien skal det takast stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Utarbeiding og handsaming av kommunal planstrategi kan slåast saman med og vera ein del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen.



I møte i kommunestyret i mars 2016 vart det fatta vedtak om at arbeidet med planstrategien skulle starta opp. Det vart samtidig avklara at kommunen skulle starta opp med kommuneplanprosessen, gjennom å utarbeida eit planprogram, og dermed slå saman dei to prosessane.

Vedtaket frå kommunestyremøtet 14.03.2016, sak KOM-012/16:

- I samband med at det vert utarbeida planstrategi for Sveio skal det, som ein del av planstrategiprosessen, startast opp arbeid med planprogram til kommuneplanen.
- Ved vedtak av planprogrammet skal det takast stilling til prosessen for vidare kommuneplanarbeid og det skal avklarast kva økonomiske rammar ein har for arbeidet med kommuneplanen.
- Formannskapet vert politisk styringsgruppe.
- Dei tre hovudutvala vert politiske referansegrupper, men HTN vil ha ein særskild funksjon i forhold til arealdelen til kommuneplanen.
- Rådmannen si administrative leiargruppe vert administrativ styringsgruppe.
- Rådmannen opprettar ei administrativ arbeidsgruppe som skal gjennomføre arbeidet med planstrategien. Rådmannen kan velja å bruke den same arbeidsgruppa til kommuneplanarbeidet, men kan òg dersom det er mest føremålstenleg, oppretta ei eller fleire nye arbeidsgrupper til kommuneplanarbeidet.

FORSLAGET

Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med Planprogram for kommuneplan 2019-2031

Forslaget til planstrategi og planprogram er delt i 3 delar.

Den første delen er ein fellesdel der det vert orientert kva overordna føringar kommunen har å forholde seg til ved kommunal planlegging. I tillegg vert det gjort opp ein status over kommunen med fokus på tema som folkehelse, folketalsutviklinga og utdanning, i tillegg til ein presentasjon av kvar einingane i kommunen og kva utfordringar dei ulike områda har. Denne delen vil danne eit felles grunnlag for så vel planstrategien i del to som planprogrammet i del tre.

Del to omhandlar sjølv planstrategien og føringane for kva som skal liggja til grunn for dei strategiske vala kommunen skal ta i perioden framover. Ved utarbeiding av kommuneplanen vil planstrategien vera eit rettleiande dokument for korleis ein skal gå fram for å oppnå ønskja utvikling. Planstrategien tek berre føre seg nokre av dei viktigaste tema kommunen skal arbeida med. I tillegg vil det vera andre tema som ikkje er nemnde i planstrategien som òg vil vera føremål for vurdering i framtidig kommuneplanprosess. Oversikta i planstrategien er såleis ikkje utfyllande. Planstrategidelen avsluttast med ei oversikt over dei viktigaste strategiske vala kommunen skal ta i tida framover.

Den siste delen i dokumentet omfattar sjølv planprogrammet til kommuneplanen. Eit planprogram har til oppgåve å sikra føreseieleg og god planprosess for kommuneplanarbeidet. Den vil òg forankra dei strategiske val som er viste i planstrategien. Ein viktig del av planprogrammet vil vera å orientera om korleis planprosessen vil vera, kva tema som skal drøftast, kva framdriftsplan ein har, korleis ein skal sikra medverknad og ikkje



minst kva utgreiingar som skal gjennomførast. Planprogrammet tek føre seg konkrete arealføremål og er på lik line med planstrategien ikkje komplett. Sjølve kommuneplanprosessen vil vera meir detaljert og utfyllande.

Vurdering:

Basert på fellesdokumentet for planstrategi og planprogram har ein i planstrategidelen (del 2) kome fram til nokre heilt konkrete strategiske val for å sikra fortsett utvikling i Sveio kommune. Dei er baserte på dei definerte utfordringane kommunen har i dei ulike sektorane og er sett i samanheng med dei overordna forventingane og føringane til kommunal planlegging. Dei strategiske vala er løfta fram i planstrategien som særskilt viktige å ta utgangspunkt i når ein skal starta på kommuneplanarbeidet. Det inneber ikkje at ein ikkje skal ta omsyn til og planleggja for andre interesser eller føremål i kommuneplanen, men at hovudfokuset skal liggja der som ein raud tråd gjennom planprosessen. Ved oppstart av kommuneplanarbeidet vil andre tema og arealføremål òg verta føremål for vurdering.

For å sikra visjonen om «*Vilje til vekst, ein god stad å bu*» skal Sveio kommune i kommunestyreperioden strategisk arbeida for å...

- Skapa arbeidsplassar med rett lokalisering
- Stimulera til bustadbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging
- Styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane.
- Sikra gode og trygge trafikkforhold
- Sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar
- Samarbeida med nabokommunar, og vera med å støtta Haugesund og Leirvik som regionsenter
- Styrkja skulen i forhold til kunnskap i lesing og rekning
- Sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv
- På ein god måte utnytta potensialet det er å vera ein kystkommune
- Vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen.

Basert på behovet for å sikra ei føreseieleg utvikling gjennom planlegginga og samtidig sikra at det er tilstrekkelege ressursar til å gjera det, er det i dokumentet vist kva planprosessar som bør prioriterast i kommunestyreperioden. Dette er planar som i meir eller mindre grad allereie er starta opp, med unnatak for detaljregulering av Håvåsen III .

1. Kommuneplan for Sveio kommune 2019-2031
2. Kommunedelplan for Sveio sentrum
3. Områderegulering for Ekrene Vest
4. Områderegulering for Vikingland
5. Detaljregulering for Sveiåsen III
6. Detaljregulering for Håvåsen III

Områdereguleringane og kommuneplan/kommunedelplanane er særskilt omfattande og ressurskrevjande planprosessar. Dei vil bruka mykje av dei ressursar kommunen allereie har til planlegging og vil i tillegg krevja tilskot av midlar til tenester kommunen ikkje sjølv har kompetanse på.

Dersom det er ønskje om å eventuelt leggja til fleire planoppgåver i kommunestyreperioden så rår rådmannen til at ein først vurderer kva ressursar kommunen har. Det har liten hensikt å leggja for høge forventingar til gjennomføring av planar. Det kan medføre at ein ikkje klarar å gjennomføra og/eller avslutta nokre av oppgåvene. I staden kan ein dersom det melder seg



eit særskilt behov i framtida, ta planstrategien opp til ny politisk vurdering og gjera endringar, byta ut oppgåver eller leggja til nye oppgåver.

Kommunen har nytta moglegheita til å slå arbeidet med kommunal planstrategi saman med planprogrammet for kommuneplanen. Dette inneber at dokumentet vert meir omfattande enn naudsynt for ein planstrategi.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er starta opp med utarbeiding av eit planprogram som skal leggja føringane for planarbeidet. Planprogrammet må sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Forslag til *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplan 2019-2031* vert gjort tilgjengeleg og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker
2. Sveio kommune varslar samtidig oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen. Revisjonen omfattar så vel samfunnsdelen som arealdelen
3. Som ein del av kommuneplanprosessen er det utarbeida eit planprogram som legg føringane for arbeidet vidare. Planprogrammet er ein del av planstrategiarbeidet for Sveio kommune og inngår i dokumenta for planstrategi
4. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-2, 10-1, 11-12, 11-13

Hovudutval teknisk/næring - 040/16

HTN - behandling:

Felles orientering for alle hovudutvala i kommunestyresalen kl. 1700-1720 v/ Åse Aleheim.

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN - vedtak:

Tilråding til formannskapet:

1. Forslag til *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplan 2019-2031* vert gjort tilgjengeleg og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker
2. Sveio kommune varslar samtidig oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen. Revisjonen omfattar så vel samfunnsdelen som arealdelen
3. Som ein del av kommuneplanprosessen er det utarbeida eit planprogram som legg



Sveio kommune

føringane for arbeidet vidare. Planprogrammet er ein del av planstrategiarbeidet for Sveio kommune og inngår i dokumenta for planstrategi

4. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-2, 10-1, 11-12, 11-13

Hovudutval helse og omsorg - 031/16

HNO - behandling:

Samrøystes i tråd med innstilling frå rådmannen

HNO - vedtak:

Tilråding til formannskapet:

1. Forslag til *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplan 2019-2031* vert gjort tilgjengeleg og lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker.
2. Sveio kommune varslar samtidig oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen. Revisjonen omfattar så vel samfunnsdelen som arealdelen.
3. Som ein del av kommuneplanprosessen er det utarbeida eit planprogram som legg føringane for arbeidet vidare. Planprogrammet er ein del av planstrategiarbeidet for Sveio kommune og inngår i dokumenta for planstrategi.
4. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-2, 10-1, 11-12, 11-13

Hovudutval oppvekst/kultur - 031/16

HOK - behandling:

Røysting :

Samrøystes for rådmannens forslag .

HOK - vedtak:

Hovudutval for oppvekst og Kultur (HOK) tilråding til formannskapet:

1. Forslag til *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplan 2019-2031* vert gjort tilgjengeleg og lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker



2. Sveio kommune varslar samtidig oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen. Revisjonen omfattar så vel samfunnsdelen som arealdelen
3. Som ein del av kommuneplanprosessen er det utarbeida eit planprogram som legg føringane for arbeidet vidare. Planprogrammet er ein del av planstrategiarbeidet for Sveio kommune og inngår i dokumenta for planstrategi
4. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-2, 10-1, 11-12, 11-13

Formannskapet - 099/16

FOR - behandling:

Samrøystes som tilrådd av hovudutvala.

FOR - vedtak:

1. Forslag til *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019 med planprogram for kommuneplan 2019-2031* vert gjort tilgjengeleg og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.
2. Sveio kommune varslar samtidig oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplanen. Revisjonen omfattar så vel samfunnsdelen som arealdelen.
3. Som ein del av kommuneplanprosessen er det utarbeida eit planprogram som legg føringane for arbeidet vidare. Planprogrammet er ein del av planstrategiarbeidet for Sveio kommune og inngår i dokumenta for planstrategi.
4. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-2, 10-1, 11-12, 11-13